

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.09.2007
Sakhandsamar: Johnny Heggestad
Saka gjeld: **Helse2020 – Strategi for helseregionen**

Styremøte 03.10. 2007

Styresak 081/07 B

Utsett sak frå styremøtet 5.september 2007

Saka vart presentert og delvis drøfta under sak 073/07 B i styremøte 5.september 2007.
Saka vart vedteken utsett med følgjande vedtak:

"Vedtak (samrøystes):

1. For å sikre at det i høyringsprosessen er gjennomført prosessar som sikrar at dei tilsette har fått moglegheit til å uttale seg og få fram sine innspel til strategidokumentet, blir saka utsett til neste styremøte.
2. Det skal utarbeidast ein oversikt over tilsette sine innspel i høyringsprosessen før endeleg behandling av saka. ”

Administrerande direktør har, i tråd med styrets vedtak, gjennomgått drøftingane som har vore gjennomført i helseføretaka. Det er utarbeida ei oversikt over innspela som er dokumentert i drøftingsprotokollar eller tilsvarande/andre dokument i føretaka, i tråd med styrets vedtak. Konserntillitsvalde har hatt dialog med dei føretakstillitsvalde for å få innspel kring dei drøftingane og involveringsprosessane som har vært gjennomført i føretaka. Tilbakemeldingane frå dei konserntillitsvalde er at det har vært ein open og god dialog lokalt og at det har vært full openheit og moglegheit til å fremja sine innspel i helseføretaka si førebuing til høyringsuttale.

Administrasjonen har i samarbeid med dei konserntillitsvalde vald å justera enkelte områder i punkta 4., 7.1, 7.1.3, 7.1.9 og 10 ut frå eit samla inntrykk av oversikta som er utarbeida. Ein kan legge til grunn at dette har vært ein lærande prosess som gir et godt grunnlag for endå betre medverknad og involvering i framtida.

Endringane i strategidokument versjon 1.2 til styremøtet 05.september var markerte med raudt.
Tilleggsjusteringane i versjon 1.3 av strategidokumentet er markerte med fiolett.

Med bakgrunn i drøftingane på styremøtet 5.september har administrerande direktør og valt å justere forslaget til vedtak, punkt 3, ved å ta ut andre setning i opphavleg forslag.

Elles er saksføreleget i det følgjande slik saka vart framstilt i føregåande styremøte.

Bakgrunn:

Prosjekt Helse2020 har utarbeida ein revidert strategi for helseregionen. Gjennom prosjektet har ein vist at helsesektoren står overfor ei rad krevjande utfordringar i eit 2020-perspektiv. Samtidig representerer ny kunnskap, teknologi og metode spennande moglegheiter. Skal ein lukkast med å møte desse, må dette skje på ein planmessig og heilskapleg måte der samanhengar vert avdekkja og får si praktiske løysing. Så vel utfordringane som moglegheitene krev ei samordna tilhærrming der ein koordinerer sin innsats, tydeleggjer sine ulike rollar og deler kunnskap mest mogleg effektivt.

Strategi for helseregionen som høyringsutkast vart handsama av styret for Helse Vest RHF i styremøte 11.04.2007 (sak B 07/36). Styret gjorde slikt vedtak:

” B 07/36 Helse 2020 - Strategi for helseregionen

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF tek saka til førebels orientering.
2. Styret sender planverket for Helse2020 til høyring internt og eksternt med svarfrist i siste halvdel av juni.
3. Styret vil gjere endeleg vedtak om planverket for Helse2020 etter at den eksterne høyringa er avslutta og bearbeida.
4. Helse 2020 er ein strategiplan for heile helseregion Vest, og skal leggja føringar for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta for alle innbyggjarar i regionen. Det er difor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane vert gjennomgåande i føretaksgruppa og kjem til erstatning der det finst eksisterande og lokale overordna målformuleringar. ”

Kommentarar:

1 Høyringsprosessen

Det er komme tilbakemelding frå til saman 38 høyringsinstansar, medan strategidokumentet vart sendt på høyring til ca. 135 ulike adresser.

Mange har gjeve ros for ein vel utarbeida plan og for ei truverdig beskriving av utfordringsbiletet framover. Mange har også meldt seg på for aktiv deltaking i den vidare detaljeringa og gjennomføringa av føreslalte tiltak.

Det er vedlagt ei oppsummering av dei konkrete forslaga i tilbakemeldingane. Denne er systematisert etter same tiltaksinndeling som i planverket og med referanse til høyringsinstans. I tillegg er kopi av alle høyringsuttalar vedlagt saka.

2 Strategidokumentet

Strategi for helseregionen, versjon 1.2, er oppdatert med forslag til endringar/tillegg etter innspeila i høyringa. Det har vore brei støtte til visjonen, verdiane og målformuleringane i dokumentet. Det har vidare vore god tilslutning til tiltaka og konstruktive innspel til forbeteringar og presiseringar. Fleire uttrykkjer også at planen er overordna i si utforming og ønskjer aktiv deltaking i det vidare arbeidet med detaljering og gjennomføring.

I oppsummeringsdokumentet er det synleggjort kvar i dokumentet det er lagt inn endringar. I sjølve strategidokumentet er desse skrivne inn med raudt for å synleggjere endringane i forhold til høyringsutkastet.

3 Iverksetting og oppfølging

Strategidokumentet inneholder også mekanismar for korleis prosjekt og tiltak skal gjennomførast og følgjast opp på ein god måte. For å sikre gjennomføringa vert det også føreslått at tiltaka i strategidokumentet vert tekne inn i dei årlege rutinane som ein viktig del av budsjettprosessen og med forankring i styringsdokumenta ut til HFa.

Planverket legg opp til stor grad av samhandling og med forventning om at det vert stilt både menneskelege og økonomiske ressursar på alle nivå i gjennomføringa av tiltaka. Vidare vil strategidokumentet danne grunnlaget for utarbeiding av lokale strategiplanar i HFa.

4 Kommunikasjon

Kommunikasjonen i samband med HELSE2020 har gjennom alle fasar av prosjektet vore tufta på ein grundig og omfattande kommunikasjonsstrategi. Dette gjeld både for å forankre prosjektet, samle inn idear og synspunkt gjennom storsamlingane – og mot slutten av prosjektet der forslaget til strategidokument har vore på ei omfattande høyringsrunde. Svært mange tilsette har vore med i prosessen samstundes som ulike eksterne aktørar har gitt uttrykk for synspunkta sine. Styra i helseføretaka har fått statusrapportar og har òg hatt HELSE2020 til uttale.

Når strategien blir vedteken, er det framleis viktig med god og grundig kommunikasjon for å forankre innhaldet i HFa. Kvart helseføretak har eit sjølvstendig ansvar for å arbeide vidare med strategiplanen slik at dei overordna måla blir realiserte og må difor lage ein plan for korleis dei skal sikre at HELSE2020 blir gjort kjend og tilgjengeleg for alle i føretaket.

Helse Vest vil trykke den endelege strategiplanen og distribuere denne. I tillegg vil det bli laga ein kortversjon som kun inneholder den felles visjonen, verdigrunnlaget og dei felles målsettingane. Helseføretaka må gjere dette materiellet tilgjengeleg internt. Helse Vest ser til at eksterne samarbeidspartar får materiellet tilsendt.

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek "Helse2020 – Strategi for helseregionen" slik den no ligg føre med dei føreslårte endringane frå høyringa.
2. Den vedtekne planen skal
 - a. Gi retning for utviklinga fram mot 2020
 - b. Legge grunnlaget for prioriterte tiltak dei neste fire åra
 - c. Vere styrande for ei årleg oppdatering av tiltak og prosjektporlefølje som vert vedtekne i styringsdokument og budsjett for HFa.
3. Gjennomføring skal skje i nær og god samhandling med eigne føretak og med dei eksterne aktørane.
4. Helse 2020 er ein strategiplan for heile helseregion Vest, og legg føringer for utvikling av pasienttilbodet innan spesialisthelsetenesta i regionen. Det er difor grunnleggjande at visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsettingane vert felles for heile føretaksgruppa og erstattar det som finst av lokale overordna målformuleringar.
5. Kvart helseføretak har ansvar for at strategidokumentet og kortversjonen (visjon, verdigrunnlag og målsettingar) blir gjort kjent i organisasjonen. Visjon, verdigrunnlag og målsettingar ligg fast for heile føretaksgruppa og dannar grunnlag for dei vidare prosessane i kvart helseføretak.

Vedlegg:

- i) Helse2020 – Strategi for helseregionen
- ii) Høyringsuttalar – oppsummert
- iii) Utsendt høyringsbrev
- iv) Høyringssvar frå følgande:
 1. Hå kommune (K)
 2. Gloppen kommune (K)
 3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune (F)
 4. Hospital Betanien (P)
 5. Ulvik herad (K)
 6. Sogn Regionråd (Aurland, Balestrand, Vik, Leikange, Luster, Årdal, Sogndal og Lærdal) (K)
 7. Høgskolen i Bergen (H)
 8. Rogaland A-senter (P)
 9. Brukarutvalet i Helse Fonna (B)
 10. HAFS Regionråd (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen) (K)
 11. Universitetet i Bergen (U)
 12. Stiftelsen Bergensklinikken (P)
 13. Regionalt brukarutval (B)
 14. Øygarden kommune (K)
 15. Pasientomboda i Helse Vest (B)
 16. NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus (P)
 17. Helse Førde HF (E)
 18. Brukarutvalet i Helse Førde (B)
 19. Haraldsplass Diakonale Sjukehus (P)
 20. Helse Fonna HF (E)
 21. Haugesund kommune (K)
 22. Helse Bergen (E)
 23. Rogaland Fylkeskommune (F)
 24. Helse Stavanger (E)
 25. Brukarutvalet i Helse Stavanger (B)
 26. Stavanger kommune (K)